



FO

FELLESORGANISASJONEN
MEDLEM AV LANDSORGANISASJONEN I NORGE

Landsorganisasjonen
Youngsgaten 11
0181 Oslo

Deres referanse

Vår referanse
12/00021-3

Dato
16.01.2012

HØYRINGSUTSEGN NOU 2011:18 STRUKTUR FOR LIKESTILLING

FO støttar i hovudsak forslaga, men har merknader til følgjande forslag:

Nytt direktorat

Etablering av nytt direktorat under BLD med fagansvar for gjennomføring av likestillingspolitikk. FO støttar at eit direktorat for likestilling bør ha regional forankring gjennom regionkontor. FO støttar også at direktoratet må ha ansvar for alle diskrimineringsområde, og ser dette som særleg viktig i høve til vern mot samansett diskriminering.

Bufdir har i dag ei avdeling for inkludering med ansvar for diskriminering av personar med funksjonsnedsetjingar og LHBT-befolkninga. Desse områda er reine direktoratsoppgåver, utan regionalt nettverk. Det kan derfor vere eit spørsmål om det er behov for å opprette eit nytt direktorat med regionkontor, eller om oppgåvene kan løysast gjennom å utvide Bufdir sitt ansvarsområde til å omfatte alle diskrimineringsgrunnlag, då det er fleire tangeringspunkt mellom likestillings- og antidiskrimineringspolitikken og barne-, ungdoms- og familiepolitikken. Dette gjeld for eksempel familiar der medlemmer har funksjonsnedsetjingar, unge LHBT-personar eller motsetningar med grunnlag i religion eller kulturell identitet. Bufdir har regionkontor, som i så fall kan få utvida mandat til også å følgje opp desse oppgåvene.

FO har ingen kommentarar til arbeidsoppgåvene som er tenkt lagt til direktoratet.

Forslaget om nytt direktorat: det er ein omfattande prosess å opprette og bemanne ein ny, landsdekkande etat. Det vil vere behov for å legge ein plan for etablering raskt etter vedtak, samt å sikre at oppgåvene vert ivaretakne i tråd med dei føringane som ligg i innstillinga også i etableringsfasen. Fordelen er at området vert synleggjort på ein annan måte enn som ein del av Bufdir.

Mogleg alternativ - utviding av Bufdir sitt ansvarsområde på feltet: Jf at Bufdir har ein del oppgåver på området. Dersom oppgåvene vert lagt til Bufdir, må direktoratet få klare retningsliner for korleis det skal følgje opp eigen etat. Fordelen er at etableringa blir mindre omfattande, då det er utviding av eksisterande einingar.

FO

Besøksadresse:
Mariboesgt. 13
0183 Oslo

Postadresse:
Pb. 4693 Sofenberg
0506 Oslo

Telefon:
02380

Telefaks:
94 76 20 18

e-post:
kontor@fo.no

www.fo.no

Bankgiro:
9001.06.35674

Bankgiro kontingent:
9001.08.71394

Foretaksnr.:
870 953 852 MVA

Trass i at det er kan vere grunn til å vurdere å legge feltet til Bufdir, støttar FO vurderinga at likestillingspolitikken lett kan kome i skuggen av andre oppgåver dersom oppgåvene vert lagt inn i eit eksisterande direktorat.

Kontaktutval

Det finst i dag fleire kontaktutval mellom styresmaktene og sivilsamfunnet, som Statens seniorråd, Kontaktutvalget mellom innvandrerbefolkningen og myndighetene (KIM), Statens råd for likestilling av funksjonshemmede (SRLF) og Kontaktforum mellom nasjonale minoriteter og myndighetene, men det finst ikkje tilsvarende for kjønn. Arbeidet mot samansett diskriminering er styrka gjennom at LDO har ansvar for alle diskrimineringsgrunnlag, og gjennom forslaget om oppretting av eit nytt likestillingsdirektorat. FO meiner at det også er behov for kontaktutval og -råd på alle diskrimineringsområde, og støttar difor forslaget om kontaktutval mellom sentrale styresmakter og likestillingsorganisasjonar.

Forskriftsfesting av ombodet si rapportering

FO støttar forslaget om forskriftfesting av at ombodet skal rapportere til departementet om motstrid mellom norsk rett og forvalningspraksis og FN-konvensjonane om kvinnediskriminering og rasediskriminering. FO meiner at denne rapporteringa også bør omfatte FN sin konvensjon om funksjonshemma sine rettar. Då det er formalomsyn som gjer at den siste ikkje er ratifisert av Noreg, bør manglande ratifisering ikkje vere til hinder for nasjonal rapportering på krava.

Med venleg helsing



Rigmor Høgstad
forbundsleiar



Anny Skarstein
avdelingsleiar